

Ulvik Cittaslow



Referat Cittaslowrådsmøte nr. 3-18

Tid: Måndag, 19.3.2018, kl. 16:00-18.00

Varighet: 2t.

Stad: Heradstyresalen- merk ny stad

Tilstades:

Ingrid Prestegard

Geir Netland

Jenny Johnsen

Saksliste:

21/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden (V)

Vedtak: Godkjent

22/12 Godkjenning av referat (V)

Referatet sendes ut etter møte og så ut på heimesida, det er likevel naudsynt å godkjenne referatet formelt kvart møte.

Vedtak: Godkjent

23/18 Avfallshandtering og sirkulær økonomi (V) Utsatt til neste møte

Presentasjon og orientering av IHM.

Vidare drøfting omkring korleis følgje opp punkter i Handlingsplan 2018.

24/18 Val til Cittaslowrådet 2018-2020 (V)

Må utsettes til neste møte da listen var ikkje fulltallig.

25/18 Handlingsplan 2018 (V)

Utkast til handlingsplan er vedlagt til drøfting i rådet.

Handlingsplan vil bli oversendast heradstyret til orientering.

Vedtak: Rådet godkjenner handlingsplan med merknader og oversendar denne heradstyret.

Endringar er gjort direkte i planen.

26/18 Planlegging av Cittaslow arrangement på Syse Gard

Cittaslowrådet tek initiativ, jamfør sist rådsmøte, til eit arrangement den 9.april. Dette er for å opne dørane og presentere det lokale næringslivet. Dette er parallelt høve til å løfte Cittaslowrådet og Cittaslow sertifisering heradet ønskje å ha større fokus på framover.

Førebels overskrift er « *IT og Sau- Kva skal vi leva av i Cittaslowbygda Ulvik?*

Kom og møt lokale næringsdrivande, høyr om Cittaslowrådets arbeid og sertifiseringsprosessen!»

Syse Gard ved vertskap skal få innleia og fortelja om si drift.

27/18 Orienteringar (O)

- Orientering om arbeidsmøte i det Nordiske Nettverket 26.2 (Sjå vedlagd ny revidert samarbeidsavtale. Den skal endeleg vedtakast på Nordic Network sitt åsmøte i juni i Sokndal, Norge.)
- Søknad til Erasmus+ Cittaslow Education er nå sendt inn.
- Orientering om samarbeid med Greve og mogleg tur med Skulemusikken.

28/18 Neste møte:

Nr. 4-18: 9.4.18 Ope møte på Syse Gard og evt. rådsmøte

Nr. 5-18: 28.5.18

29/18 Ymse